

Hordaland Fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5
5008 Bergen
Att. Per Morten Ekerhovd

Kopi: Anne Gine Hestetun, Beate Husa

Dykkar ref.
Per Morten Ekerhovd

Vår ref.
16-001.HB

Stad/dato
Knarvik, 26. februar 2016

Søknad om stønad til nasjonal / internasjonal konferanse om «Idretten sin verdi sett i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv»

KnarvikKonferansen er ein del av kvalitetsarrangementet KnarvikMila. KnarvikMila er vorten eit av dei største og mest prestisjefulle idrett- og kulturarrangement i Norge. Organisasjonen KnarvikMila er kåra til beste omdømebyggjaren i Nordhordland regionen. I 2015 var det totalt 18500 besøkande og 8360 av desse sprang løpa.

KnarvikMila går over ei heil veke og her vert det blant anna arrangert KnarvikKonferansen for næringslivet og offentlege tilsette, med sær så spanande tema og gode forelesarar. KnarvikKonferansen har vore arrangert i 20 år. Det kan nemnast at 3 statsministrar har vore og helde føredrag på KnarvikKonferansen. **Det har tidlegare ikkje vore arrangert KnarvikKonferanse med så stort omfang som i 2016.**

Målet med konferansen har vore å skapa ein kvalitativ næringslivskonferanse og møteplass for KnarvikMila sine samarbeidspartnarar og andre bedrifter, samt belysa viktige dagsaktuelle tema som skapar engasjement og auka kunnskap. **Målsetjinga med konferansen i 2016 er å visa idretten sin verdi for samfunnet. I dagens utfordringar er det særskild viktig å visa kva idretten kan gjera i integreringsarbeidet, spesielt for barn og unge.**

Vi kan nemna at KnarvikMila, i samarbeid med Knarvik Ungdomsskule, har engasjert seg sterkt i internasjonalt hjelpearbeid i mange år. Årleg bidreg vi med ca. kr. 200.000,- til prosjekt «Utdanning for foreldreause born og unge» i Addis Abeba, Etiopia. Her samarbeider vi med tidenes løpskonge Haile Gebrselassie, som igjen samarbeida med UNICEF.

I 2016 skal KnarvikMila arrangera KnarvikKonferansen med følgjande hovudtema: «*Idretten sin verdi sett i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv*». Vedlagt denne søknad følgjer presentasjon av konferansen med oversikt for dei ulike undertema og føredragshaldarar. Målgruppa er næringslivet, politisk miljø, offentleg tilsette i kommune og stat, og representantar frå lag og organisasjonar.

Konferanseinfo:

Dag / dato: 31. august 2016
Stad: Bergen
Arrangør: KnarvikMila / AKS-77 – org.nr. 975 674 614
Kontaktperson: Helge Brekke / Eddie M. Ebbesvik
Telefonnummer: 971 45 628 / 920 85 025
e-post: helge@knarvikmila.no / eddie@knarvikmila.no
Postadresse: Postboks 177, 5914 Isdalstø
Bankkonto: 3632.07.09800
Konferanseinnhold: Sjå eigen presentasjon

Finansiering:

Tidlegare finansiering av KnarvikKonferansane har vore via sponsoravtalar med næringslivet og delvis offentlig stønad. I dagens sponsormarknad er det vorten langt vanskelegare å få realisert stønad frå næringslivet. Derfor vender vi oss til det offentlege for å få hjelp til å få gjennomført KnarvikKonferansen i 2016.

Kostnadsramma for KnarvikKonferansen er ca kr. 800.000,- totalt. Viser til vedlagt budsjett som er førebels.

Vi tillét oss med dette å søka om kr. 300.000,- til prosjektet.

Utan støtte er det ikkje realistisk for KnarvikMila å arrangera konferansen.

Søknad om stønad vart og sendt til følgjande:

- UDI/Norad/IMDi
- Norges Fotballforbund
- Norsk Tipping
- Fylkesmannen i Hordaland
- Statoil Mongstad
- Eventuelt diverse legat

Vi håpar på positivt og snarleg svar.

Med vennleg helsing
For Knarvikmila

Helge Brekke



KnarvikMila
Aktiv > Glad > Spring

Styreleiar

Postboks 177, 5903 Isdalstø
www.knarvikmila.no
info@knarvikmila.no
Tlf 971 45 628